



Mannskapa til Kvinnherad Energi arbeidde i fem timar med å reparera lina laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kraftige vindkast på tvers av dalen knekte to høgspenmastar ved garden til Ingolf Musland litt over klokka ni fredagskvelden., Resultatet vart at dei som bur frå Klammeren og ovanfor vart utan straum i 17 timar.

Heldigvis var det nokon som såg lysglimet då stolpane og linja gjekk i bakken, slik at ein slapp å leita for å lokalisere feilen. Men Kvinnherad Energi sitt mannskap kunne ikkje gå i gang med noko arbeid mot natta, også fordi brotstaden ligg på den andre sida av elva.

Dei måtte begrensa seg til å frakte det utstyret dei trong fram til staden slik at dei kunne starta arbeidet allereie klokka ni laurdag morgon. Etter at fire mann hadde jobba i fem timar, kunne straumen koblast inn att. Dei stolpane som knakk viste seg å vera litt morkne, men slikt er ikkje så lett å avsløra under inspeksjonar. Også straumforsyninga i det meste av dei sentrale delar av Uskedalen fall ut så mastane gjekk i bakken, men hovudlinja vart kobla inn att etter ein knapp time og straumen kom att klokka 22.

Av Ola Matti Mathisen